

2019

KVARTALSRAPPORT 31.12.2019



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE



Follestaddalen, foto: Håvard Myklebust

INNHALD

HOVUDTAL	04
RAPPORT FRÅ STYRET	06
RESULTAT	12
BALANSE	13
ENDRING I EIGENKAPITAL	14
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	15
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP	16
2. SEGMENTINFORMASJON	17
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR	18
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR	19
5. KAPITALDEKNING	23
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	25
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI	26
8. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN	27
9. INNSKOT FRÅ KUNDAR	28
10. LIKVIDITETSRISIKO	28
11. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR	29
12. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR	29
13. FINANSIELLE INSTRUMENT OG MOTREKNING	30
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR	31

HOVUDTAL

RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017
Renteinntekter	82.059	80.516	70.432	65.466	62.717	59.089	58.307	56.685	58.743
Rentekostnader	39.678	37.990	34.365	29.725	27.098	24.739	24.420	22.980	23.256
Netto renteinntekter	42.381	42.526	36.067	35.740	35.620	34.350	33.887	33.705	35.487
Provisjonsinntekter	19.067	19.392	17.060	16.546	17.272	17.422	17.249	18.443	18.288
Provisjonskostnader	1.535	1.511	1.428	1.318	1.292	1.613	993	1.107	935
Andre driftsinntekter	2.262	1.455	2.646	1.055	1.088	1.055	1.280	2.229	1.109
Netto provisjons- og andre inntekter	19.794	19.335	18.278	16.284	17.067	16.864	17.535	19.565	18.462
Utbytte	4.927	68	5.050	220	500	-21	167	9.994	1.456
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	-504	3.195	14.496	38.841	8.518	6.150	6.916	3.708	11.504
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	4.041	1.544	-4.314	36.483	1.392	237	8.385	386	-2.598
Netto avk. på finansielle investeringar	8.465	4.807	15.233	75.544	10.410	6.366	15.467	14.088	10.362
Sum inntekter	70.640	66.669	69.578	127.568	63.097	57.581	66.890	67.358	64.310
Personalkostnader	19.819	16.840	15.373	16.924	16.975	15.156	19.214	16.181	11.266
Administrasjonskostnader	9.625	9.482	9.929	8.315	9.584	9.615	9.953	10.292	9.325
Avskrivningar varige driftsmidlar	2.580	1.830	1.807	1.793	1.739	1.780	1.781	1.819	1.882
Nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-	-	-	-	-	-	-4.300
Andre driftskostnader	7.022	4.232	4.819	4.776	5.784	3.853	3.912	4.751	6.417
Sum driftskostnader	39.046	32.384	31.927	31.808	34.081	30.404	34.859	33.043	24.589
Resultat før tap	31.594	34.285	37.651	95.761	29.016	27.176	32.030	34.315	39.722
Nedskrivning aksjar	-	-	-	-	350	-	-	-	-
Tap på utlån, garantiar	7.836	6.118	7.081	1.367	853	5.224	902	3.098	-2.613
Resultat før skatt	23.758	28.167	30.570	94.394	27.813	21.953	31.128	31.217	42.334
Skattekostnad	-1.095	5.800	3.300	14.000	5.092	4.000	4.825	4.000	2.077
Resultat for perioden	24.854	22.367	27.270	80.394	22.722	17.953	26.303	27.217	40.258

HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017
Lønsemd									
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	7,10 %	6,63 %	8,76 %	27,51 %	7,10 %	5,75 %	9,27 %	10,22 %	14,70 %
Kostnadsprosenten ²⁾	55,3 %	48,6 %	45,9 %	24,9 %	54,0 %	52,8 %	52,1 %	49,1 %	38,2 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)									
Brutto utlån til kundar	8.843	8.944	8.794	8.384	8.114	7.890	7.699	7.440	7.345
Brutto utlån til kundar inkl. overført til KF ³⁾	11.581	11.393	11.235	10.822	10.550	10.308	10.120	9.900	9.771
Innskot frå kundar	6.962	7.034	7.137	6.722	6.454	6.396	6.275	5.950	5.838
Innskotsdekning	78,7 %	78,6 %	81,2 %	80,2 %	79,5 %	81,1 %	81,5 %	80,0 %	79,5 %
Innskotsdekning inkl. overført til KF ³⁾	60,1 %	61,7 %	63,5 %	62,1 %	61,2 %	62,1 %	62,0 %	60,1 %	59,8 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	8,98 %	13,36 %	14,22 %	12,69 %	10,47 %	7,78 %	6,42 %	6,95 %	5,76 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til KF ³⁾	9,78 %	10,53 %	11,03 %	9,32 %	7,97 %	6,15 %	5,26 %	6,15 %	4,77 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	7,87 %	9,97 %	13,74 %	12,97 %	10,55 %	12,15 %	5,74 %	5,72 %	3,57 %
Forvaltningskapital	10.215	10.180	10.282	9.794	9.271	9.180	9.061	8.729	8.611
Forvaltningskapital inkl. overført til KF ³⁾	12.954	12.629	12.724	12.232	11.706	11.598	11.482	11.188	11.037
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	10.187	10.057	9.713	9.527	9.247	9.184	8.762	8.668	8.649
Tap og misleghald									
Tapsprosent utlån ⁴⁾	0,35 %	0,27 %	0,33 %	0,07 %	0,04 %	0,26 %	0,05 %	0,17 %	-0,14 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,53 %	0,48 %	0,61 %	0,65 %	0,66 %	0,62 %	0,66 %	0,73 %	0,81 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,00 %	0,08 %	0,08 %	0,16 %	0,08 %	0,21 %	0,22 %	0,22 %	0,21 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til KF ^{3) 4)}	0,27 %	0,21 %	0,26 %	0,05 %	0,03 %	0,20 %	0,04 %	0,13 %	-0,11 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,40 %	0,38 %	0,47 %	0,50 %	0,51 %	0,48 %	0,50 %	0,55 %	0,61 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,00 %	0,06 %	0,06 %	0,12 %	0,06 %	0,16 %	0,16 %	0,17 %	0,16 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner)									
forholdsmessig									
Rein kjernekapitaldekning	18,5 %	16,8 %	16,1 %	15,6 %	16,3 %	16,2 %			
Kjernekapitalsprosent	19,6 %	17,8 %	17,1 %	16,6 %	17,3 %	17,4 %			
Kapitaldekning	22,3 %	21,1 %	19,7 %	19,2 %	20,1 %	20,4 %			
Rein kjernekapital	1.183.953	1.105.471	1.049.176	1.002.684	1.032.345	1.016.155			
Kjernekapital	1.249.832	1.170.763	1.113.680	1.066.514	1.099.788	1.094.753			
Ansvarleg kapital	1.418.683	1.384.681	1.281.045	1.233.707	1.274.375	1.284.535			
Risikovekta balanse	6.380.820	6.566.808	6.504.334	6.440.600	6.351.355	6.287.477			
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,7 %	8,3 %	7,9 %	7,9 %	8,5 %	8,4 %		7,3 %	
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	212 %	166 %	192 %	177 %	146 %	207 %	195 %	219 %	226 %
Bemanning									
Tal på årsverk	65,5	66,5	66,5	65,5	62,5	61,2	62,2	69,7	69,2
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	2,01	2,14	7,37	4,60	2,63	1,38	4,00	2,66	1,72
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	128.531	112.500	112.500	112.500	118.449	108.753	108.753	108.753	110.273
Eigenkapitalbevisbrøk i %	11,0 %	11,0 %	10,96 %	10,92 %	11,42 %	11,39 %	11,38 %	11,34 %	11,55 %

FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017
Rentenetto i prosent av GFK ⁷⁾	1,65 %	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %	1,47 %	1,48 %	1,56 %	1,62 %
Resultat etter skatt GFK	0,97 %	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %	0,78 %	1,20 %	1,27 %	1,85 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- Kredittføretak(KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.
- Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- Likvide aktiva dividert på netto likvidtetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- Tal er for morbank.
- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

RAPPORT FRÅ STYRET

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 31.12.19 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda, Samarbeidende Sparebanker AS, på 7,82 prosent konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer rekneskapen etter IFRS. Alle tal i kvartalsrekneskapen er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarande periode i fjor.

Konsernet har 66 tilsette ved utgangen av 4. kvartal - til saman utgjør dette 65,5 årsverk. Justert for sluttavtalar som går ut i løpet av 2020, er tal på årsverk 61,5.

Resultat i fjerde kvartal

Perioden 01.10.2019 – 31.12.2019


SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit konsernresultat før tap og skatt i kvartalet på 31,6 mill. kr mot 29 mill. kr i same periode i fjor. Auken kjem hovudsakleg av

at banken leverer ein vekst i renteinntekter som er 82 mill. kr i kvartalet samanlikna 62,7 mill. kr i 4. kv 2018. Årsaken er eit større utlånsvolum og aukande renter gjennom året. Netto renteinntekter auka med 6,8 mill. kr mot same periode i fjor til 42,4 mill. kr. Banken ser vekst i breiddeinntektene og leverer ein auke i netto provisjons- og andre inntekter på 2,7 mill.kr til 19,8 mill. kr i kvartalet.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,65 prosent mot 1,48 prosent i same kvartal i fjor. Utlånsmarginen har gjennom året vore under press frå ei jamt stigande pengemarknadsrente som har auka fundingkostnaden til banken. Dette har vorte motverka ved å gjennomføre rentehevingar på utlån og innskot med inntil 0,25 prosent. Totalt sett, i tillegg til positivt effekt frå auken i utlånsvolum, har dette auka rentenettoen.

Dei totale driftskostnadane er på 39 mill. kr mot 34,1 mill. kr i same periode 2018. Auken er hovudsakleg relatert til eingongspostar på løn og pensjon og andre driftskostnadar.

Rentenetto i prosent av GFK



Aksjeposten i det heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS blei nedskrive med 7,8 mill.kr i morbank.

Avkastinga på eigenkapitalen etter skatt i 4. kvartal 2019 vart 8 prosent mot 7,1 prosent i tilsvarande periode i fjor.


Resultat for året

Perioden 01.01.2019 – 31.12.2019

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit konsernresultat før skatt på 176,9 mill. kr mot 112,1 mill. kr i same periode i fjor.

Eigenkapitalavkastinga etter skatt for året er 12,7 prosent mot 8 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Sum inntekter eks. avkastning på finansielle egedelar



Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Banken leverer sterk vekst i netto renteinntekter som aukar 13,9 prosent over året til totalt 156,7 mill. kr mot 137,6 mill. kr i 2018. Betringa kjem mellom anna som følge av auka utlånsvolum, både på personsmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Når det gjeld rentemarginane har pengemarknadsrenta stege jamt over året og lagt press på utlånsmarginen. I takt med Norges Bank sine tre hevingar av styringsrenta gjennom 2019, har banken heva utlånsrenta med inntil 0,25 prosentpoeng per gong. Auken i pengemarknadsrenta har hatt ein positiv effekt på innskotsmarginen og bidregte til betringa i rentenettoen.

Totale netto provisjonsinntekter og andre inntekter var 73,7 mill. kr i perioden mot 71 mill. kr i 2018. Breiddeinntekter frå andre banktenester auka med 3 prosent frå føregående år. Provisjon frå kredittføretaka var lågare i 2019 samanlikna med 2018 grunna høgare avrekningsrente.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er 104 mill. kr mot 46,3 mill. kr i 2018. Bakgrunnen for auka er sal av aksjar i BN Bank og auke i inntekter frå eigarinteresser i felleskontrollert verksemd, som hovudsakleg er knytte til oppgjær i samband med forsikringsfusjonen i selskapet Fremtind.

Forsikringsfusjon

Fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring og DNB

Forsikring AS vart gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2019 med SpareBank 1 Skadeforsikring som overtakande selskap. SpareBank 1 Gruppen AS har ein eigardel på 65 % og DNB ASA 35 % i Fremtind Forsikring AS. Vi viser til kvartalsrapportar for 2019 for dei rekneskapsmessige og likviditetsmessige konsekvensane av denne transaksjonen.

Fremtind Forsikring AS fekk løyve den 2.9.2019 av Finanstilsynet til å drive livsforsikringsverksemd gjennom det heileigde dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS. Personrisikoforsikringane frå SpareBank 1 Forsikring og DNB Livsforsikring, i tillegg til dei bedriftsbetalte personrisikoforsikringane frå SpareBank 1 Forsikring, vert overført til Fremtind Livsforsikring AS 1. januar 2020.

Fisjonen av SpareBank 1 Forsikring og DNB Livsforsikring med overføring til Fremtind Livsforsikring AS der oppgjæret er utferd av Fremtind Forsikring blir gjennomført med rekneskapsmessig verknad per 1. januar 2020.

Det er lagt til grunn ein samla verdi av personrisikoområdet på ca. 6,25 mrd. kroner. Fisjonen vil medføre ein auke i eigenkapitalen for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå. Majoriteten (SpareBank 1-bankene og LO) sin del av denne auken er om lag 1,7 mrd. kroner. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin del av denne auken (1,53 prosent) utgjer om lag 26 mill. kroner og vil bli inntektsført i første kvartal 2020.

SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) vil få ein

skattefri gevinst på 937 mill. kroner som følge av fisjonen. SpareBank 1 Gruppen AS sitt utbyttegrunnlag aukar tilsvarande denne gevinsten. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin del av eit eventuelt utbytte på 937 mill. kroner (1,53 prosent), utgjer om lag 14,3 mill. kroner.


DNB har opsjon på å kjøpe seg opp frå 35 % til 40 % i Fremtind Forsikring AS innan 31. mars 2020. Dersom DNB nyttar opsjonen, vil SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) få ein gevinst på ca. 890 mill. kroner. SpareBank 1 Gruppen AS sitt utbyttegrunnlag aukar tilsvarande denne gevinsten.

Bruk av opsjonen vil også medføre ein auka eigenkapital for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå. Majoriteten (SpareBank 1- bankane og LO) sin del av den auken vil vere ca. 590 mill. kroner. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin del av denne auken (1,53 prosent)

utgjer om lag 9 mill. kroner og vil eventuelt inntektsførast i løpet av 2020.

Eit eventuelt ekstraordinært eller ordinært utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS vil vere bestemt av kapital situasjonen og avgjerder i dei styrande organa i selskapet, og av regelverket for ekstraordinært utbytte frå finansforetak på det aktuelle tidspunktet.

Driftkostnader i mill.kr




Driftskostnader

Dei totale driftskostnadane for 2019 er 135,2 mill. kr, tilsvarande ein auke på 2,1 prosent frå 2018. Personal- og administrasjonskostnader er redusert med 0,7 mill. kr, medan andre driftskostnader aukar med 2,8 mill. kr, samanlikna med 2018, grunna høgare kostnader frå dotterselskapet. Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 40,4 prosent per 31.12.2019 mot 52 prosent tilsvarande periode i fjor.

Tap på utlån og garantiar

Tapsavsetnad i balansen var 55,8 mill. kr ved utgangen av 2019 samanlikna med 35 mill. kr i 2018. Tapsavsetnaden målt i prosent av brutto utlån inkludert kredittforetak er på 0,5 prosent, ein auke på 0,15 prosentpoeng frå 2018.


Tap på utlån og garantiar i mill. kr fordelt på trinn



Tapsavsetnaden fordelast med 19 mill. kr på PM og 37 mill. kr på BM. I 2018 var tapsavsetnaden på høvesvis 18 mill. kr og 17 mill.kr.

Tap på utlån syner ei kostnadsføring på 22,4 mill. kr i 2019 samanlikna med 10,1 mill. kr i 2018. Auka tapskostnadar skuldast auke i utlånsvolum og ein auka bransjespesifikk modellberegning av forventa tap knytt til banken sine offshoreengasjement.

Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak



Utlån

Banken kan vise til god utlånsvest i begge segment gjennom 2019. Totale utlån på eigen balanse er på 8.842,6 mill. kr, og er auka med 728,7 mill. kr – tilsvarende ein 12-månaders vekst på 9 prosent.

Banken plasserer delar av bustadlåna i SpareBank 1 Boligkreditt og delar av næringslåna på eigedom i SpareBank 1 Næringskreditt. Ved kvartalsskiftet utgjør denne porteføljen høvesvis 2.576 mill. kr og 162 mill. kr.

Brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er soleis på 11.581,3 mill. kr (10.549,5mill. kr tilsvarende periode i fjor).

Balanse

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjør 10.215,4 mill. kr og er auka med 911 mill. kr sidan årsskiftet.


Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 12.954,14 mill. kr, og har auka med 944,9 mill. kr sidan årsskiftet.

Auken i utlånsporføljen kjem hovudsakleg som følgje av sterk vekst i utlån for personmarknaden. Brutto utlån for PM inkludert SpareBank 1 Boligkreditt syner ein 12-månaders vekst på 853,7 mill. kr (565,9 mill. kr), som tilsvarende ein årleg vekst på 9,6 prosent (6,8 prosent). Bedriftsmarknaden inkludert SpareBank 1 Næringskreditt er auka med 178 mill. kr (215,5 mill. kr), tilsvarende ein auke på 10,7 prosent (14,6 prosent).

Innskot

Innskot er auka med 507,8 mill. kr (615,9 mill. kr) siste 12 månader til 6.962,2 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette tilsvarende ein vekst på 7,9 prosent (10,6 prosent).

Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 264,3 mill. kr (222,0 mill. kr) til 4.170,2 mill. kr som tilsvarar 6,8 prosent vekst (6,0 prosent) siste 12 månader. Innskot frå bedriftsmarknaden er auka med 243,5 mill. kr (393,9 mill. kr) til 2.792 mill. kr siste 12 månader. Dette tilsvarar ein auke på 9,6 prosent (15,5 prosent).

Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern finansiering.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.740 mill. kr. Av dette har 250 mill. kr løpetid under 1 år, 1.080 mill. kr løpetid mellom 1 og 3 år, og 450 mill. kr løpetid over 3 år.

Innskotsdekninga er 78,7 prosent (79,5 prosent) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil og tilpassa endra likviditetskrav. Bankens rapporterer ein LCR på 212 prosent ved utgangen av kvartalet (146 prosent).

Utbyttepolitikk og resultatdisponering

Morbanken fekk for 2019 eit resultat for året på 144,9 mill. kroner.

Del av eigenkapital tilordna eigenkapitalbevisegarane er 11,08 prosent. Resultatet per eigenkapitalbevis er 16 kr for året i morbanken. Det vert foreslått å dele ut utbytte på 50,0 prosent av årets resultat. Dette er foreslått til å vere 8,00 kr per eigenkapitalbevis.

Soliditet

Banken nyttar standardmetoden for å rekne ut kapitaldekninga. Dette inneber isolert sett ei meir konservativ måling av risiko enn kva som er tilfelle ved å nytte interne kredittrisikomodellar. I tillegg til å utarbeide kapitaldekning på morbanknivå, reknar banken også forholdsmessig konsolidering av samarbeidande grupper ved utarbeidinga av kapitaldekninga.

I 2017 gjorde Finanstilsynet vedtak om Pilar 2-tillegg på 3,1 prosent gjeldande frå 31.12.2017. Minimumskravet til rein kjernekapital er 15,6 prosent. Rein kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering er 18,5 prosent ved utgangen av 4. kvartal 2019 og over dei regulatoriske kapitalkrava for rein kjernekapital. Kjernekapital og kapitaldekning er på høvesvis 19,6 prosent og 22,3 prosent.

Rein kjernekapital for morbanken er 18,1 prosent ved utgangen av kvartalet.

Eigenkapitalbevis

Ved utgangen av fjerde kvartal 2019 har banken 404 eigenkapitalbevisegarar. Dei 20 største eigarane eig 50,6 prosent av eigenkapitalbevisa til banken.

Utsiktene framover

Sidan 2017 har BNP for det norske fastlandet låge på over 2 prosent årleg. Veksten er ifølge Norges Bank venta å vere 2,5 prosent i 2019. Norges Bank forventar vidare ein avtakande vekst dei neste åra og estimatet for 2020 er 1,9 prosent. Forventa lågare investeringar i petroleumssektoren, lågare aktivitet i bygg og anlegg og varehandel, og avtakande vekst i føretaksinvesteringar er mellom årsakane. Usikkerheit rundt eskalering av handelskonflikter blant handelspartnarar kan også leie til redusert etterspørsel etter norske varer og tenester. Det er også venta ein mindre ekspansiv finanspolitikk i Noreg som også bidreg til lågare vekstutsikter framover.

Nedgangen i arbeidsløysa i Møre og Romsdal har heldt fram gjennom 2019, og tala frå NAV per desember månad syner at arbeidsløysa ligg på 2 prosent, under landssnittet som er 2,2 prosent. Utviklinga på Søre Sunnmøre er også positiv og arbeidsløysa per desember ligg på 2,3 prosent. Snittet er noko høgare for kommunane i ytre enn i indre delar av marknadsområdet.

Utviklinga i bustadmarknaden i marknadsområdet til banken er stabil og ein har ikkje opplevd den store prisveksten som i større byar. I takt med regionen for øvrig har omsetningstida på sal av private bustadar auka.

Gjeldsveksten til hushaldningane er avtakande. Samstundes er også privat forbruk på veg nedover. Høgare renter kan vere noko av grunnen til at konsumet har avtatt og at spareraten blant hushaldningane har auka. Opprettinga av gjeldsregisteret har medverka til avtakande vekst i forbrukslån og bidreg til lågare konsum. Den svake kronekursen er også med på å gjere utanlandske varer dyrare noko som medfører redusert kjøpekraft. Dette er faktorar som kan verke negativt på varehandelen i tida framover.


Det er god bransjespreiing i næringslivet i marknadsområdet til banken. Ei fortsatt svak krone betrar konkurransekrafta og er gunstig for eksportretta industri. Det er venta fortsatt god lønnsemd for aktørar innan både fiskeri og havbruk. Innan offshore er det positive teikn for enkelte segment, men ratene vert pressa av overskot på tilbodssida. Investeringane på norsk sokkel

er venta å flate ut, noko som vil medføre at veksten i etterspurnadssida vil stogge. For leverandørar til maritim industri vil marknaden fortsett vere krevjande med press på lønsemda.

Det er venta at 2020 vil vere eit år der den positive utviklinga i arbeidsmarknaden held seg, men med avtakande vekst i investeringar og lågare gjeldsvekst samanlikna med 2019.

Med bakgrunn i forventningar om lågare vekst i norsk økonomi, lågare etterspørsel etter utlån og regulatoriske endringar forventar styret fortsatt tøff konkurranse på utlånsvolum og marginar i 2020.

Volda, 12. februar 2020
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar




Mona Ryste
Styremedlem




Kjersti Kleven
Styremedlem



Arild Hatløy
Styremedlem




Bente Fylken
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsettere representant



Møyfrid Lillenes
Tilsettere representant



Stig Brautaset
Administrerende direktør

RESULTAT

MORBANK					KONSERN				
2018	4. kvartal 2018	4. kvartal 2019	2019	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	2019	4. kvartal 2019	4. kvartal 2018	2018
224.580	59.379	77.959	282.657	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	280.337	77.320	74.585	236.798
16.248	4.381	4.738	18.136	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	18.136	4.738	-11.867	-
101.251	27.619	39.640	141.865	Rentekostnader		141.758	39.678	27.098	99.237
139.578	36.140	43.058	158.928	Netto renteinntekter		156.715	42.381	35.620	137.562
70.386	17.272	19.067	72.065	Provisjonsinntekter		72.065	19.067	17.272	70.386
5.005	1.292	1.535	5.792	Provisjonskostnader		5.792	1.535	1.292	5.005
894	260	385	2.046	Andre driftsinntekter		7.418	2.262	1.088	5.651
66.275	16.240	17.917	68.319	Netto provisjons- og andre inntekter		73.691	19.794	17.067	71.032
32.548	-	4.927	62.154	Utbytte		10.266	4.927	500	10.640
-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		56.029	-504	8.518	25.291
10.351	1.392	4.041	37.754	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		37.754	4.041	1.392	10.401
42.898	1.392	8.968	99.908	Netto avk. på finansielle investeringar		104.050	8.465	10.410	46.331
248.751	53.773	69.943	327.155	Sum inntekter		334.455	70.640	63.097	254.926
67.357	16.899	19.762	68.712	Personalkostnader		68.955	19.819	16.975	67.527
39.444	9.584	9.625	37.351	Administrasjonskostnader		37.351	9.625	9.584	39.444
5.103	1.219	1.680	6.648	Avskrivningar av varige driftsmidlar		8.009	2.580	1.739	7.118
-	-	-	-	Gevinst sal/Nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-	-
16.294	4.797	6.175	17.562	Andre driftskostnader		20.849	7.022	5.784	18.300
128.198	32.498	37.242	130.273	Sum driftskostnader		135.165	39.046	34.081	132.388
120.553	21.274	32.701	196.882	Resultat før tap		199.290	31.594	29.016	122.537
7.223	350	7.788	7.788	Nedskrivning aksjar		-	-	350	350
10.076	853	7.836	22.401	Tap på utlån, garantiar	4	22.401	7.836	853	10.076
103.254	20.072	17.077	166.693	Resultat før skatt		176.889	23.758	27.813	112.111
17.917	5.092	-1.095	22.005	Skattekostnad		22.005	-1.095	5.092	17.917
85.337	14.980	18.172	144.688	Resultat for perioden		154.884	24.854	22.722	94.194
				Utvida resultatrekneskap					
85.337	14.980	18.172	144.688	Resultat for rekneskapsperioden		154.884	24.854	22.722	94.194
735	-	-	-	Årets estimatavvik pensjonar		-	-	-	735
-184	-184	-450	-450	Skatteeffekt av estimatavvik pensjonar		-450	-450	-	-184
85.888	14.796	17.722	144.238	Totalresultat for perioden		154.434	24.403	22.722	94.745

BALANSE

MORBANK				KONSERN	
31.12.2018	31.12.2019	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.12.2019	31.12.2018
		Eignelutar			
35.842	42.735	Kontantar og fordringar på sentralbanken		42.735	35.842
219.453	410.392	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	410.392	219.453
8.176.938	8.905.634	Utlån til og fordringar på kundar	3, 6, 7	8.842.603	8.113.907
5.951	11.411	Individuelle nedskrivningar	4	11.411	5.951
27.909	43.049	Forventa tap på utlån/ECL	4	43.049	27.909
8.143.078	8.851.174	Netto utlån til kundar	3	8.788.144	8.080.047
1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566
190.412	174.713	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6, 7	174.713	190.412
406.442	483.523	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6, 7	483.523	406.442
81.317	77.982	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	134.632	157.254
3.000	7.332	Investering i konsernselskap	6	-	-
2.749	2.066	Utsett skattefordel		2.066	2.749
41.076	57.240	Varige driftsmidlar		148.203	121.208
52.099	21.860	Andre eignelutar		22.121	52.278
4.492	6.929	Forskotsbet. kostnader og oppt.inntekter		7.341	4.775
9.181.526	10.137.514	Sum eignelutar		10.215.437	9.272.025
		Gjeld			
2.636	1.275	Innskot frå kredittinstitusjonar	6	1.275	2.636
6.457.037	6.964.134	Innskot frå og gjeld til kundar	6, 9	6.962.173	6.454.385
1.371.606	1.740.035	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7, 9	1.740.035	1.371.606
89.646	53.686	Anna gjeld	4	54.260	90.256
-	-	Utsett skatt		-	-
7.527	6.471	Påkomne kostnader og forsk.bet. inntekter		6.471	7.527
15.157	10.878	Avsetjing til forpliktingar		10.878	15.157
150.426	151.038	Ansvarleg lånekapital	6, 8	151.038	150.426
8.094.035	8.927.518	Sum gjeld		8.926.131	8.091.993
		Eigenkapital			
100.000	100.000	Eigardelskapital	11	100.000	100.000
193	193	Overkursfond		193	193
18.307	28.338	Utjammingsfond		28.338	18.307
895.613	1.005.959	Sparebankfondet	5	1.005.959	895.613
21.896	24.024	Gåvefond		24.024	21.896
1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482
-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		56.650	75.937
-	-	Annan eigenkapital		22.660	16.605
50.000	50.000	Hybridkapital	6	50.000	50.000
1.087.491	1.209.996	Sum eigenkapital	5	1.289.306	1.180.033
9.181.526	10.137.514	Forvaltningskapital		10.215.437	9.272.025
11.617.158	12.876.206	Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/Næringskreditt		12.954.129	11.707.657
236.237	222.969	Garantiansvar		222.969	236.237
-	-	Deponert i Norges Bank		-	-

ENDRING I EIGENKAPITAL

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	-	-	1.482	50.000	1.004.813
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Delårsresultat	-	-	65.591	9.747	10.000	-	-	-	-	85.337
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	-	-	1.482	50.000	1.087.491
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Delårsresultat	-	-	113.656	16.032	15.000	-	-	-	-	144.688
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	-	-	1.482	50.000	1.209.996

KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	73.054	10.522	1.482	50.000	1.088.388
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Korreksjon årsresultat	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Resultat for rekneskapsåret	-	-	65.591	9.747	10.000	2.883	6.084	-	-	94.305
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	75.937	16.605	1.482	50.000	1.180.033
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Korreksjon årsresultat	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Resultat for rekneskapsåret	-	-	113.656	16.032	15.000	-19.287	6.054	-	-	131.455
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.339	24.024	56.650	22.660	1.482	50.000	1.289.306

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK			KONSERN	
2018	2019	(Tal i heile tusen kroner)	2019	2018
103.315	166.693	Årsresultat før skatt	176.889	112.111
-	-	Inntekt av eigarinteresse i felleskontrollert verksemd	-56.029	-
5.103	14.436	+ av- og nedskrivningar	8.009	7.118
10.076	22.401	+ Tap på utlån/garantiar	22.401	10.076
-	-	- Gåver	-	-
-17.917	-22.005	- Betalbar skatt	-22.005	-17.917
100.577	181.526	Tilført frå årets verksemd	129.266	111.388
-31.294	28.035	Reduksjon/(auke) andre fordringar	27.824	-35.723
41.214	-35.960	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	-35.995	41.353
5.209	-4.279	Auke/(reduksjon) pensjonsforplikting	-4.279	5.183
-13.153	-1.056	Auke/(reduksjon) forpliktingar	-1.056	-13.091
1.977	-13.260	Likviditetsendring i resultatrekneskapan	-13.505	-2.278
-790.522	-730.498	Reduksjon/(auke) utlån	-730.498	-790.522
158.546	-190.939	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/sentralbank	-190.939	158.546
618.010	507.097	Auke/(reduksjon) innskot kundar	507.788	615.948
-126	-1.361	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	-1.361	-126
35.099	15.698	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	15.698	35.099
123.561	-231.737	A) Netto likviditetsendring frå verksemd	-283.551	128.054
-7.951	-30.600	Brutto investeringar bygningar/driftsmidlar	-35.005	-9.551
-	-	Avgang bygningar/driftsmidlar	-	6.862
6.873	-997	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	22.622	-2.883
-29.997	-77.081	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-96.368	-29.997
-31.075	-108.678	B) Netto likviditetsendring investeringar	-108.751	-35.569
426	612	Auke ansvarleg lånekapital	612	426
-	-	Emisjon av eigenkapitalbevis	-	-
-2.660	-21.732	Endringar direkte mot eigenkapital	30.155	-2.660
-94.951	368.429	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	368.429	-94.951
-97.184	347.309	C) Netto likviditetsendringar finansiering	399.196	-97.185
-4.699	6.894	A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	6.894	-4.699
40.540	35.842	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	35.842	40.540
35.842	42.735	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	42.735	35.842
-4.699	6.894	Endring	6.894	-4.699

NOTAR

Note 1

Rekneskapsprinsipp

1.1 Grunnlag for utarbeiding

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2019 - 31.12.2019. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle dei rekneskapsprinsipp konsernet har lagt til grunn ved avlegginga av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2018. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp utover bruken av IFRS 16 sidan årsrekneskapen for 2018.

1.2 Segmentrapportering

Eit forretningssegment er ei gruppering av eignelutar eller verksemder som tilfører produkt eller tenester, og som er gjenstand for risiko og avkastning som avvik frå andre forretningssegment. Segmentinformasjon er omtala i eigen note.

1.3. Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta er omrekna til NOK etter kursar på transaksjonstidspunktet. Valutatap og -gevinst som oppstår på slike transaksjonar, og på pengepostar i utanlandsk valuta, er bokført i resultatrekneskapen.

1.4 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre. Bygningar og driftslausøyre er innrekna til verkeleg verdi per 1.1.2019 og vert avskrivne lineært etter forventa levetid. Tomter er bokført til kostpris.

1.5 Verdipapir og derivat

Verdipapir består av aksjar og andelar, sertifikat og obligasjonar. Aksjar og andelar enten som omløpsmidlar og vurdert til verkeleg verdi, eller som anleggsmidlar og vurdert til amortisert kost.

1.6 Pensjonsskuldnader

Det er morbanken som har pensjonsskuldnad. Alle tilsette er på innskotsordning. Avtalen er sikra gjennom innbetalingar til forsikringselskap, og skuldnaden er utrekna av aktuar.

1.7 Eigardel i dotterselskap og felleskontrollerte verksemder

Eigardelar i dotterselskap og tilknytte selskap skal vurderast til kost etter IFRS-regelverket i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen blir desse eignelutane førte etter eigenkapitalmetoden. Det vil seie at resultatet sin del i felleskontrollerte verksemder vert løpande resultatført. Dotterselskapa blir konsoliderte i konsernrekneskapen.

1.8 Fondsobligasjon og klassifisering som eigenkapital

